
Saknr: 2020/45667-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesordfører og fylkesrådmann orienterer om personalsak

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at fylkesordfører og fylkesrådmann skal orientere kontrollutvalet om personalsak utvalet har fått henvending om.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fleire av medlemmene i kontrollutvalet har fått ein eller fleire e-postar frå ein tidlegare tilsett i Hordaland fylkeskommune angående ei personalsak.

På bakgrunn av dette har leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, bede om å få ei munnleg orientering om saka i møte 11.05.2020.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vurdere om dette er ei sak for utvalet, jf. kommunelova § 23-2

Vurderingar og verknader

Det er avtalt at fylkesordførar og fylkesrådmann vil delta i møtet og orientere munnleg om denne personalsaka. Kontrollutvalet ønskjer m.a. å få informasjon om prosessen, vurderingane som er gjort undervegs og vurdering av habilitet i sakshandsaminga som er gjort undervegs.

Då dette gjeld ei personalsak er informasjonen som kjem fram unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet må difor lukkast med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i den munnlege orienteringa må kontrollutvalet drøfte seg fram til ein konklusjon i saka.

Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.